

Frigjerings- og veterandagen 8. mai

Gode bømblingar

Etter fem år under Hitler og nazismen sitt åk kunne me i 1945 atter feira fridomen vår - og det norske flagg vaia igjen over heile landet. I dei siste 76 åra har me i Norge kunne feira vår frigjerings- og veterandag 8. mai for å minnast og heidrast alle som kjempa, og som ofra livet, for våre verdiar og ikkje minst fridom. Det skal me også gjere i dag – men med eit dystert bakteppe.

Europa og verda såg i byrjinga av februar i år slutten av kampen mot vår felles usynlege fiende – koronaviruset. Eit virus som har halde heile verda i ein unntakstilstand sidan mars 2020. Vår nasjon hadde ikkje sett større inngrep i vår fridom sidan andre verdskrig i april 1940. No var me alle klare for å ta liva våre tilbake, nyta fridomen og igjen reisa og møtast som før.

Pandemien er ein krise som har endra mykje for mange. Tidleg om morgonen 24. februar 2022 vakna Europa, og særleg Ukraina, opp til eit nytt mareritt. Russland sin president Vladimir Putin hadde då bestemt seg for å «frigjere» og «de-nazifisera» eit fredeleg naboland. Ei frigjering som har sendt Europa ut i si verste humanitære og flyktningekrise sidan 2. verdskrigen nær 80 år sidan. No kjempar me for å unngå ein 3. verdskrig.

Ukrainarane kjempar med alt dei har for å forsvara heimane og fridomen sin. Det er berre barn, kvinner og eldre menn som får lov til å flykta – dei som klarar det. NATO og Europa står samla mot aggresjonen – langt meir og sterkare enn kva Putin sikkert hadde kalkulert med. Nabolanda tek imot flyktningestraumen som tel millionar på millionar, og Noreg tek sin del.

Bømblingane har frå einskildpersonar, næringsliv, lag og organisasjonar og frå politisk hald stilt opp med det me kan for å kunne ta imot vår del av ukrainske flyktningar. Me er like klar på at

russarane er vårt nabofolk, slik dei var under frigjeringa i 1945. Dette er ikkje Russland sin krig, dette er Putin og hans følgjarar sin krig. Me skal ikkje gløyme våre russiske vener og kollegaer, og heller ikkje flyktningar frå andre land enn Ukraina, i denne situasjonen.

Til liks med pandemien veit me ikkje kva tid denne krigen er over – heller ikkje korleis Europa og verda vil sjå ut når det heile normaliserer seg.

I tillegg til desse overordna krisene har mange i Noreg fått kjenna hardt på livet ei sterk auke i sine levekostnader. Mange av oss klarar dette greitt, og me er eit rikt land der staten avhjelpar noko – men for mange er dette knallhardt. Det skal me ikkje gløyme.

I krisetider krevst det meir av oss – som samfunn og enkeltindivid.

Eg er glad for at me her i Bømlo syner at me står saman – at me hjelper og bryr oss om kvarandre. Dette gjer meg stolt som ordførar i ein hjartevarm kommune.

På frigjerings- og veterandagen markerar me fridomen - og me heidrar norske veteranar frå andre verdskrigen og fram til dagens internasjonale operasjonar.

Sidan 1945 har over 100 000 nordmenn tenestegjort i nesten hundre ulike internasjonale operasjonar i over 40 land i fire verdsdelar.

Bømlo kommune heidrar våre veteranar – men også alle krigsseglarar og dei som kjempa på ulikt vis i desse fem lange og tunge krigsåra.

Bømlo var særst delaktig i motstandsørsla - og spesielt Shetlandsfarten.

Det kosta mykje – noko soga om Blia-forliset med 43 omkomne menneske vitnar om.

Ved Moster kyrkje står minnesmerket over våre falne medbygdingar frå andre verdskrig.

Me har fleire slike minnesmerke kringom i kommunen vår –

og det vert lagt ned krans også ved desse i dag.

Me er våre sambygdingar evig takksam for alt dei ofra for at våre verdiar, kultur og kristne kulturarv kunne halda fram - i fridom.

Det er vår plikt å føra denne kampen vidare – men no med fornya styrke.

På alle plan, frå lokalt til internasjonalt, må me finna ein veg gjennom fredeleg samarbeid for å unngå og kunne stå imot slik aggresjon me ser i Ukraina i dag.

Dei fleste av oss har aldri opplevd noko liknande - men me vil nok alltid hugse våren 2022.

Med håp om ei fredeleg løysing i Ukraina.

Gratulera med dagen!